

OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT



INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT

STAD: Bergen, Kronstad X - møterom Pålitelig
MØTETIDSPUNKT: Torsdag 19. september, kl. 08:30 – 14:00

GÅR TIL:

Styremedlemmer

Anders Hovland	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Arve Varden	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Eivind Hansen	Medlem
Stian Hoell	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Silje Ljosland Bakke	Medlem
Merethe Nygård	Medlem

Styremøte er ope for publikum og presse

Stavanger, 12.09.2024
Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
Styreleiar

SAKSLISTE:**UNDERLAG:**

OPNE SAKER

Sak	33/24 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	34/24 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 13.06.2024	Vedlagt
Sak	35/24 O	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	36/24 B	Rapport frå verksemda august 2024	Vedlagt
Sak	37/24 O	Status budsjett 2025	Vedlagt
Sak	38/24 D	Skystrategi	Vedlagt
Sak	39/24 B	Internkontroll	Vedlagt
Sak	40/24 B	Møteplan 2025	Vedlagt
Sak	41/24 B	Valg ansattrepresentanter	Vedlagt
Sak	42/24 O	Status applikasjonsportefølje - små og mellomstore system	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	43/24 O	Oppfølging av system som er klassifisert som "End-of-life"	Vedlagt
-----	---------	--	---------

Sak 44/24 Eventuelt

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

STAD: Teams

MØTETIDSPUNKT: 13.06.2024, 08:30 – 11:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Helle Kristine Schøyen

Anders Hovland

Beate Sander Krogstad

Arve Varden (leia møtet på vegne av styreleiar)

Eivind Gjemdal

Eivind Hansen

Stian Hoell

Agnete Sjøtun

Silje Ljosland Bakke

Merethe Nygård

FORFALL FRÅ STYRET

Inger Cathrine Bryne

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ole Jørgen Kirkeluten

Harald Flaten

Ørjan Andersen

Vidar Råheim

Gjertrud Fagerli

Fredrik Eldøy

Kristin Farestvedt

Ole Fredrik Gulbrandsen

Leif Nordland

Aksel Bruun, CISO Helse Vest IKT, og Knut Gjerde, seksjonsleiar IKT-sikkerheit, deltok i sak 029/24 O

Erik M. Hansen, dir e-helse Helse Vest RHF, deltok i sak 031/24 O og 032/24 O

Møtedokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskrivne signaturar

Saksliste:

Opne saker

Sak	22/24 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	23/24 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 26.04.2024
Sak	24/24 O	Administrerende direktør si orientering
Sak	25/24 B	Rapport frå verksemda april 2024
Sak	26/24 O	Fornya vurdering av oppseiing Blå Kors
Sak	27/24 O	Rapportering på bruk av ITIL rammeverk
Sak	28/24 B	Innkalling til ordinær generalforsamling Helse Vest IKT AS
Sak	29/24 O	Trusselvurdering spesialisthelsetjenesten 2024

Lukka saker

Sak	30/24 O	Leverandørrisiko for sentrale leverandører
Sak	31/24 O	Mogleg handlingsrom for regional løysing for kurve og legemiddelhandtering
Sak	32/24	Eventuelt

Styret sitt kvarter

Opne saker

Sak 22/24 B

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 23/24 B

Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 26.04.2024

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 26.04.2024.

Sak 24/24 O

Administrerende direktør si orientering

1. Ny teknisk plattform Libra

Helse Vest IKT har i løpet av 25 – 26. mai migrert Libra til ny teknisk plattform hos ny leverandør Basis Consulting. Flyttinga ser så langt ut til å vere vellukka, og det opplevast betre yting og respons i systemet.

2. Oppgradering Dips Arena

Helse Vest IKT har i løpet av 25 – 26. mai oppgradert Dips til ny versjon, og tenester er installert på ny tenesteplattform (Kubernetes). Oppgraderinga ser så langt ut til å vere vellukka, men med litt ulike tilbakemeldingar knytt til yting og respons.

3. Oppgradering Meona

Helse Vest IKT har i løpet av 5. juni oppgradert Meona til ny versjon.

Oppgraderinga ser så langt ut til å vere vellukka, med nokre få feil avdekka i verifikasjonstest.

4. Oppgradering Sectra

Helse Vest IKT har i løpet av 9. juni oppgradert Sectra til ny versjon 25.2.

Oppgraderinga ser så langt ut til å vere vellukka, med svært få meldte feil.

5. Kulturkartlegging Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har i løpet av våren gjennomført ei kulturkartlegging saman med Ernst & Young. Rapport er presentert for alle tilsette, og vil bli følgt opp i løpet av hausten.

6. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

8. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

Styret var nøgd med forma på rapporteringa og resultatet frå oppgraderingane.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering

Sak 25/24 B

Rapport frå verksemda april 2024

Driftskalenderen for april viser 4 Omfattande Episodar med beredskap i april. Vi hadde 1 gul og 3 grønne tilfelle med beredskap. 12 april hadde vi 2 ulike OE-er same dag.

Det vart i april 2024 rapportert 80 «moglege sikkerheitsavvik» i Helse Vest IKT sitt sakshandteringssystem, en nedgang frå mars 2024. En stor del av disse var knytt til automatiserte varsel.

Økonomisk resultat er dårlegare enn venta med eit resultat per april på -10,9 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 16,7 mill.kr. Avviket skuldast i hovudsak for lite timar levert til investeringsprosjekt. Rekneskap for mai vart vist i møtet, med eit resultat på 3,6 mill, eit positivt avvik mot budsjett på 2,3 mill. Økonomisk resultat per mai er – 7,3 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 14,4 mill.kr.

Administrasjonen viste anbefalte tiltak for å redusere underskotet så mykje som mogeleg, det var mellom anna:

- følgje opp innsparingspakke vedteke i styremøte 08.12.2023
- følgje opp og prioritere aktivitet i investeringsprosjekt
- vurdere alle nye tilsettingar på nytt
- vurdere oppgåvefordeling framfor nyttilsetting
- erstatte innleige med egne tilsette
- tett oppfølging av kostnader

Styret bad om at ein såg inn i det potensiale som ligg i utviklinga i selskapet, mellom anna med fleire tilsette og ny teknologi, og gjennomføre tiltak som bidreg til å halde årets budsjettmål.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,2%, men det er ei positiv utvikling i 2024 med lågare fråvær enn i 2023. Turnover er innanfor akseptabelt nivå med 6,1%.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning, og bad Administrerande direktør gjennomføre tiltak for å halde budsjettet resultatmål for 2024.

Sak 26/24 O

Fornya vurdering av oppseiing Blå Kors

Blå Kors klinikk Haugaland AS og Rehabilitering Vest AS har bedt om fornya vurdering av oppseiing av driftsavtale med Helse Vest IKT AS. Helse Vest RHF vil gje svar til Blå Kors.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 27/24 O

Rapportering på bruk av ITIL rammeverk

Helse Vest IKT har siden juni 2023 innført ein ny praksis: Service Level Management som beskriver hvordan vi jobber med SLA/Tjenesteavtalen. I tillegg har vi revidert Service Continuity Management praksisen som beskriver vår beredskapshåndtering og sikring av driften ved driftsforstyrrelser. Nylig har vi også oppdatert endrings-prosessen også kjent som Change Enablement Management.

De 12 innførte ITIL praksisene har alle en kobling til Helse Vest IKT sine 4 strategiske mål. Praksisene sikter særlig på målet om å ha en sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 28/24 B

Innkalling til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS

Viser til sak 006/24 om godkjenning av styret sin årsberetning for 2023, godkjenning av årsrekneskap for 2023, og godkjenning av rapport for leiarløn og anna godtgjersle for 2023.

Viser til aksjelova vedrørende ordinær generalforsamling.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret kallar inn til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS i tråd med innkalling og vedlegg.

Sak 29/24 O

Trusselvurdering for spesialisthelsetenesta 2024

Dagens trusselbilette er komplisert og i konstant endring som følgje av trusselaktørane si auka evne til tilpassing og utvikling av verktøy og metodar. Kriminelle aktørar er framleis den største trusselen, spesielt digital utpressing som kan føre til høg skade. Statlege aktørar utgjer også betydelege truslar med høg evne til cyberspionasje.

Verda er inne i ein periode med geopolitisk ustabilitet, mellom anna som følgje av krigen i Ukraina og Gaza. Dette påverkar alle trusselaktørar, og vil kunne endre prioritering om målutveljing raskt. Som følgje av trusselbiletet mot spesialisthelsetenesta er det derfor avgjerande å jobbe i fleire dimensjonar innanfor cybersikkerheitsområdet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Lukka saker

Sak 30/24 O

Oppfølging av kritiske leverandørar innanfor kliniske område

Administrasjonen har i denne saka, i samarbeid med direktør for e-helse i Helse Vest RHF, gitt styret ei oppdatert orientering om oppfølging av kritiske leverandørar innanfor det kliniske området.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 31/24 O

Mogleg handlingsrom for regional løysing for kurve og legemiddelhandtering

Helse Vest har hatt ei intern arbeidsgruppe som har vurdert ulike handlingsrom rundt felles regional løysing for kurve og legemiddelhandtering. Direktør for e-helse i Helse Vest RHF gav ei orientering om ulike handlingsalternativ som har vore drøfta i gruppa, samt forslag til vidare oppfølging.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 32/24

Eventuelt
Ingen saker

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten
SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **035-24 0**

STYREMØTE: 19.09.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

OPE DEL

1. Endring styremøte 7. november

Tidspunkt for styremøte 7. november endrast til kl 08:00 – 11:00.

2. Status ny datahall

Munnleg orientering.

3. Jubileumssamling 27. august

Selskapet gjennomførte ei vellukka samling den 27. august med eit fagleg program som inkluderte innslag frå HF'a, Helse Vest RHF, egne tilsette og eksterne.

4. Interregional samarbeid i IKT-selskapa

IKT-direktørane har i samarbeid med RHF IKT-direktørmøtet etablert dialog og samarbeid mellom helseregionane på IKT-området. Hovudtema for samarbeidet er «Mindre ressursbruk gjennom meir samarbeid», og formålet er å finne måtar helseregionane kan bremse kostnadsveksten på innanfor IKT-områda gjennom samarbeid, felles anskaffingar, og felles løysingar.

Foreløpig har ein sett på områder som kan ha stort potensiale for redusert kostnadsvekst ved samarbeid, og der forholda ligg til rette for samarbeid på kort og lang sikt.

5. Innflytting i Livabygget Førde

Helse Førde hadde offisiell opning av Livabygget 20. august, og Helse Vest IKT har gjennom byggstøtte IKT vore ein av samarbeidspartane som har hatt leveransar. Samarbeid og dialog med Helse Førde har vore svært godt, og det har kome gode tilbakemeldingar på leveransane.

6. Rapportering tilsynssaker

Ingen aktuelle saker

7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen aktuelle saker

8. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen aktuelle saker

LUKKA DEL

9. Ingen aktuelle saker

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Fredrik Eldøy, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda august 2024**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **Styresak 036/24 B**

STYREMØTE: **19.09.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK


- 1. Styret tek rapport frå verksemda per august 2024 til etterretning.*

Oppsummering

Administrasjonen har summert opp rapport om verksemda i ein figur som viser overordna status.

Fakta

Figuren nedanfor viser målkortet for august 2024



August 2024						
Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
				1	2	3
4	5	6	7 OE 2463099 Problemer med pasientalarmer i Glasblokkene	8 OE 2463099 Problemer med pasientalarmer i Glasblokkene	9	10
11	12	13	14	15	16	17 OE 2467114 Tregghet i Sectra
18	19	20 2468521 Utilgjengelighet i Sectra i forbindelse med endringsaktivitet (ikke OE)	21	22 OE 2469315 Problemer med tregghet og overføring av bilder i Sectra	23	24
25	26	27	28	29	30	31

Kommentarar frå Administrerende direktør

Servicegraden har vore på over 80% i juli og august, og episodar løyst på timen er for første gong i år på «grønt nivå». Brotne opne episodar er framleis på raudt, men det har også her vore ei positiv utvikling, og resultatet for august er best så langt i år.

Driftskalenderen for august viser 4 omfattande episodar med grøn beredskap.

Det ble i august 2024 rapportert 104 «mulige sikkerhetsavvik» i Helse Vest IKT sitt sakshåndteringssystem, om lag same nivå som i juli 2024. En stor andel av disse var tilknyttet automatiserte varsler.

Økonomisk resultat er dårlegare enn venta med eit resultat per august på 1,7 mill. kr., eit avvik mot budsjett på 12,4 mill.kr. Avviket skuldast i hovudsak for lite timar levert til investeringsprosjekt. Det er sett i verk tiltak for å redusere kostnader.

Sjukefråvær er framleis høgare enn ønska med 6,2%, og er på tilnærma same som i 2023. Turnover er innanfor akseptabelt nivå med 5,4%.

VEDLEGG STYRESAK


GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Rolf Ruland, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Verksemdsrapport august 2024**


ARKIVSAK:
STYRESAK: 036-24 B

STYREMØTE: 19.09.2024

Målkort



Produksjon



Definisjonar:

Her viser vi totalen for denne månaden. I parentes vises prosentavvik i forhold til gjennomsnittet de siste 13 mnd.

E-post support: Teller all e-post til Kundesenteret med unntak av spam-mail.

E-post bestilling: Teller all e-post med unntak av spam-mail som kommer inn til ikt-bestillingsadressene til Sal.

Kundeweb: Mengd oppdateringar på eksisterande saker eller nye saker.

Telefon: Mengd telefoner svara på av Kundesenteret.

Loggede saker per topp 20 enheter
























Berørt Enhet	Antall
DIPS Arena PROD	2327
PC	854
Passord, nytt	845
Leveranser av nytt IKT utstyr	815
ENTRA MULTI-FACTOR AUTHENTICATION	585
M365 Office for PC	518
Office 365 for web, andre apper som To Do, Stream osv, samt Access	505
Domenepåloggingstjenesten	436
Ukjent/manglende programvare	383
wlc-fde-ib06-8540-1a	317
RPA Robotisert Prosess Automatisering HVN PROD	312
OV000000218 - MEONA (KULE)	290
VPN-tjenesten	276
til Teams: klient, web, konferanse, telefoni og plugins	230
Nebula Automasjonsportal (nebula.ihelse.net)	226
MEONA HVN Produksjon (System 3)	220
Kunnskapsprosessen (ITIL, Service Transition, Knowledge Mangement)	218
Nettverksskriver	218
Forvaltning-Vedlikehold leverandør	207
SECTRA RIS/PACS HVN PRV PROD	199

Topp 20 årsaker

Årsaksenhet produkt [Avslutt]	Antall
DIPS ARENA HVN PROD	1942
PASSORD, NYTT	864
PC	705
ENTRA MULTI-FACTOR AUTHENTICATION HVN PRV EXT PROD	686
LEVERANSER AV NYTT IKT UTSTYR	622
M365 APPS HVN PRV EXT PROD	528
M365 OFFICE KLIENT HVN PROD	474
DOMENEPÅLOGGINGSTJENESTEN	415
DATAKOM TRÅDLØSTNETT (WLAN)	385
SPROGRAMVARE, UKJENT	310
RPA HVN PROD	309
SPC, UKJENT	268
DIPS HVN PROD	255
VPN TJENESTEN	235
GLOBALPROTECT VPN HVN PROD	222
TEAMS HVN PRV EXT PROD	217
MEONA HVN PRV PROD	214
SNETTVERKSSKRIVER	210
FORVALTNING-VEDLIKEHOLD LEVERANDØR	203
SPC TILBEHØR	198

Som vanlig er det DIPS Arena som topper statistikken over det Kundesenteret får flest henvendelser om.

Kategori	Instans	Diff Instans	Produkt	Diff Produkt
Datavarehus - Ytterleg	10	-1	8	-1
Innkjøp og Logistikk - Ytterleg	10	-1	5	-1
Kvalitetsregister	54	0	16	-2
Skytjenester	37	-1	7	0
Skåring - Checkware	20	1	3	1
SMSYS - Små	717	2	598	2
Web portaltjenester - Ytterleg	29	-1	16	0
Total	877	-1	653	-1

Status	Link	Enhet ID	Enhet	Kategori
Ny		208290	Compass for SW	SMSYS - Små
Ny		245691	Norse Feedback HVN Produksjon 1.3.3	Skåring - Checkware
Ny		279153	NC-VIEW HBE	SMSYS - Mellomstore
Ny		281142	Sentinel	Skytjenester
Ny		281165	Aladdin 3.3.0.3	SMSYS - Små
Ny		281167	Empathic Building	Skytjenester
Ny		281184	Nasjonalt register for ablasjonsbehandling ...	Kvalitetsregister
Ny		281185	Nasjonalt kvalitetsregister for elektrokonvu...	Kvalitetsregister
Ny		281266	Defender XDR HVI PROD	Skytjenester
Ny		281390	AWX HVI PROD	Understøttende - Generelle in...
Utfaset		7245	ProfitBase 6.0	Datavarehus - Profitbase
Utfaset		23029	Hjertestansstudie	Kvalitetsregister
Utfaset		23223	ProfitBase	Datavarehus - Profitbase
Utfaset		24079		Kvalitetsregister
Utfaset		40775	Dynamisk aktivitet L2	Datavarehus - Ytterleg
Utfaset		77340	T-doc	SMSYS - Mellomstore
Utfaset		102348	Vestlandspasienter RAPPORTER 1.0	Web portaltjenester - Ytterleg
Utfaset		116841	Send Suite 11.5	Innkjøp og Logistikk - Ytterleg
Utfaset		117947	Hadoop 2.7.1	Understøttende - Generelle in...
Utfaset		269579	Teams for web - i nettleser	Skytjenester
Utfaset		269580	Teams telefoni	Skytjenester
Utfaset		269581	Teams plugins	Skytjenester
Utfaset		269582	Teams konferanse	Skytjenester

Driftskalender

Driftskalenderen for august viser 4 omfattende episoder med grønn beredskap. I tillegg hadde vi en hendelse i Sectra 20. august som burde vært grønn beredskap.

August 2024						
Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
				1	2	3
4	5	6	7 OE 2463099 Problemer med pasientalarmer i Glasblokkene	8 OE 2463099 Problemer med pasientalarmer i Glasblokkene	9	10
11	12	13	14	15	16	17 OE 2467114 Tregghet i Sectra
18	19	20 2468521 Utilgjengelighet i Sectra i forbindelse med endringsaktivitet (ikke OE)	21	22 OE 2469315 Problemer med tregghet og overføring av bilder i Sectra	23	24
25	26	27	28	29	30	31

Kommentarer til hovedrapport:

83% i august

14 224 henvendelser før talemelding

12 104 henvendelser etter talemelding

4 Omfattende Episoder

06-08.08.24 Episode 2463099 - Problemer med pasientalarmer i Glasblokkene

Incident start: 06.08.24 12:00

Incident løst: 08.08.24 13:03

Nedetid i minutter: 0

Grønn beredskap

Oppsummering av hendelsen:

Ascom Telligence Pasientsignalanlegg var ustabil i perioden.

6. august ca. kl 12:00 mistet en Ascom enhet forbindelse til overvåkings/driftssystem.

Løsningen var da å ta «shut» etterfulgt av «no shut» på nettverksport på svitsj. Feilsituasjonen eskalerte 7. august med flere berørte enheter. I sporadisk rekkefølge har flere rompanel mistet kontakten med Telligence / systemet som igjen har ført til feilmeldinger og et ustabil pasientvarslingsanlegg.

Det ble forsøkt restart av Ascom Telligence pasientvarsling som et avhjelpende tiltak, og det forbedret situasjonen, men fortsatt enkelte feil. Det ble besluttet å oppgradere til ny software versjon på svitsjene, og dette ble utført 7. og 8. august.

Etter oppgradering er det ikke registrert relaterte feil på Pasientsignalanlegget. Rotårsak til feilsituasjonen er ikke avklart. Oppgradering av Software og restart av svitsjer i Glasblokkene løste feilsituasjonen, men det er ikke avklart hva som var rotårsak til at feilsituasjonen oppstod.

Oppfølging i Problem: P11032

Kundekonskvens:

Pasientsignalanlegg var ustabil i perioden. (Ascom Telligence)

Alle som benyttet pasientvarslingsanlegget Telligence i Glasblokkene 5-8 (BUS2) ble berørt.

Anlegget fungerte ustabil i perioden fra tirsdag formiddag til torsdag formiddag.

I tillegg gikk alt utstyr som er knyttet til nettverket på Glasblokkene ned når vi måtte oppdatere svitsjene.

Berørte foretak:

Helse Bergen

Haukeland universitetssjukehus, Glasblokkene BUS2

17.08.24 Episode 2467114 - Treghet i Sectra

Incident start: 17.08.24 08:50

Incident løst: 17.08.24 11:57

Nedetid i minutter: 187

Grønn beredskap

Oppsummering av hendelsen:

Brukerne opplevde store tregheter og utilgjengelighet i Sectra i perioden.

Feilsituasjonen var forårsaket av minneproblematikk på en Elastic Search node i løsningen (RIS Elastic Search indekseringstjeneste som er en sentral tjeneste for hele Sectra løsningen).

Årsak til minneproblematikken er ikke konkludert, men det kan ha sammenheng med patching natt til lørdag.

(R935139-Automatisk Windows Server sikkerhetsoppdatering)

Pågående rotårsak og tiltaksanalyse i dialog med leverandør Sectra.

Oppfølging i Problem: P11043

Kundekonsekvens:

Brukerne opplevde store tregheter og utilgjengelighet i Sectra i perioden.

Treghets problemstillingen berørte deler av tjenesten og det var røntgentjenester som var påvirket (RIS og PACS). Det tok lang tid å åpne arbeidslisten og de ble ikke oppdatert.

(Systemet kan regnes som utilgjengelig)

Berørte foretak:

Alle foretak

20.08.24 Episode 2468521 - Utilgjengelighet i Sectra i forbindelse med endringsaktivitet

Incident start: 20.08.24 20: 20:12

Incident løst: 20.08.24.24: 22:23

Nedetid i minutter: 133

Ikke utløst beredskap

Oppsummering av hendelsen

Sectra var utilgjengelig for brukerne i perioden.

Feilsituasjonen var forårsaket av endringsaktivitet utført av leverandør Sectra vedrørende oppdatering av klienten for Sectra. Under oppgraderingen ble det gjort utilsiktede endringer i WISE databasen i et av installasjons-skriptene til Sectra. Leverandør Sectra fjernet endringen som ble gjort i databasen, og oppgraderingen ble utført og klient pushet til Helse Vest PCer kl. 22:23. Rotårsak relatert til manuell feil i utførelse av endringsaktiviteten hos leverandør Sectra. Det var mangler i varsling og håndtering av hendelsen samt at det skulle vært utløst Grønn beredskap.

Oppfølging i Problem: P11048

Kundekonsekvens:

Sectra utilgjengelig for brukerne i perioden.

(RIS/PACS)

Berørte foretak:

Alle foretak

22.08.24 Episode 2469315 - Problemer med treghet og overføring av bilder i Sectra

Incident start: 22.08.24 09:50

Incident løst: 22.08.24 14:27 (nedetid til 13:30)

Nedetid i minutter: 277

Grønn beredskap

Oppsummering av hendelsen:

Treghet i oppdatering av statusmeldinger i PACS og overføring av bilder mellom modalitet og PACS.

Feilsituasjonen var forårsaket av resending av en bunke integrasjonsmeldinger som feilet 17-19. august etter stans grunnet sikkerhetspatching (meldinger som var datert 19.08.24). En eller flere av disse re-sendte meldingene kan ha laget en kork i meldingsflyten mellom RIS og PACS, som igjen kan ha ført til at køen av meldinger mellom RIS og PACS vokste.

Før å løste feilen ble det etablert en omgåelse med justering av Timeout-grense ned fra 10 sekunder per melding til kun noen få sekunder (quick-fix). Timeout-grense satt ble tilbake til normal verdi etter at meldingskøen var tømt. Leverandør Sectra vil overvåke meldingsflyten i tiden fremover for å passe på at det ikke kører seg igjen, samtidig som de feilsøker videre.

Rotårsaksanalyse følges opp mot leverandør Sectra. Oppfølging i Problem: P11050

Kundekonsekvens:

Tregghet i oppdatering av statusmeldinger i PACS og overføring av bilder mellom modalitet og PACS. Systemet var oppe hele tiden, men påvirket tjenestene i stor grad.

Berørte:

- Radiologi hardest rammede brukergruppen
- DMA-brukere (klinikere utenfor radiologi) var og rammet, først og fremst i form av treggheter i overføring av undersøkelser
- Digitalt patologi mindre rammet fordi de ikke avhenger av Sectra RIS og ikke i samme grad er avhengig av umbiddelbar tilgjengeliggjøring av innsendte snitt
- Tregghet i bildeoverføring fra modaliteter og annet bildeproduserende utstyr i sykehusene.
- Overføringer til/fra andre helseinstitusjoner utenfor Helse Vest var også rammet

Berørte kunder:

Alle foretak

Sikkerhetsavvik

Det ble i august 2024 rapportert 104 «mulige sikkerhetsavvik» i Helse Vest IKT sitt sakshåndteringssystem, det samme antallet som for juli 2024. En stor andel av disse var tilknyttet automatiserte varsler.

Helse Vest IKT rapporterer sikkerhetssaker i den måneden sakene blir avsluttet/lukket i sakshåndteringssystemet, selv om hendelsene kan være håndtert på et tidligere tidspunkt. De rapporterte «mulige sikkerhetsavvikene» er vurdert/håndtert, og av disse er 72 avsluttet som reelle sikkerhetsavvik.

14 sikkerhetsavvik ble rapportert i avvikssystemet (Synergi eller tilsvarende) til berørte virksomheter for vurdering av om avvikene er reelle. For samme måned i fjor var tallene 100 mulige sikkerhetsavvik, 69 reelle avvik, hvorav 7 saker ble rapportert i avvikssystem.

De mest frekventerte sikkerhetsavvikene som meldes i Assyst er:

- 39 generelle varsler fra HelseCERT og øvrige kilder vedrørende sårbarheter i produkter og tjenester
- 7 saker gjelder pasientjournalssystemet DIPS
- 11 saker gjelder sårbarheter avdekket i sårbarhetsskanning
- 2 saker gjelder stjålet PC

Følgende saker ble også meldt til foretakenes avvikssystem. For mer informasjon om disse sakene vises det til saksbehandlingsnummer.

- 5 saker gjelder manglende skjerming av pasient og personopplysninger
- 2 saker gjelder bruk av andres konto
- 2 saker gjelder overføring av jobbdokumenter til privat utstyr
- 5 saker gjelder andre avvik fra sikkerhetsinstruks
- Det var i august måned ett varsel om mulig meldepliktig brudd på personvernet. Dette gjaldt backup av domenekontroller som var tilgjengelig for alle i HV domenet.

Synergisaker ang. IKT-sikkerhet/drift inn til HVIKT:

9 saker ble meldt i august som omhandlet informasjonssikkerhet til Helse Vest IKT i avvikssystemet Synergi. Ingen saker ble lukket i samme tidsperiode.

Økonomisk resultat ved utgangen av august

Oversikt

Rapporten for august viser eit drifts- og månadsresultat over budsjett. Resultat hittil i år viser eit overskot på 1,7 mill, og er 12,3 mill under budsjett. Dette skuldast i hovudsak for lite timar levert til investeringsprosjekt. Prognosen er uendra.

Rekneskap per 31.08.2024	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett 2024	Prognose 2024
Basistilskot	2 672	2 931	-259	23 723	20 518	3 205	35 174	39 174
Andre inntekter	160 560	155 349	5 211	1 289 312	1 232 393	56 919	1 859 044	1 909 044
Sum Driftsinntekter	163 232	158 280	4 952	1 313 035	1 252 911	60 124	1 894 218	1 948 218
Varekostnadar	-1 588	-2 772	1 184	-21 477	-22 177	700	-33 265	-33 265
Lønn- og personalkostnadar	-49 975	-45 603	-4 372	-411 833	-373 079	-38 754	-572 219	-602 219
Øvrige kostnadar	-65 063	-64 299	-764	-547 987	-510 893	-37 094	-786 693	-810 693
Av- og Nedskrivning	-34 232	-35 223	991	-265 248	-267 997	2 749	-404 041	-404 041
Sum Driftskostnad	-150 858	-147 897	-2 961	-1 246 545	-1 174 146	-72 399	-1 796 218	-1 850 218
Driftsresultat	12 374	10 383	1 991	66 490	78 765	-12 275	98 000	98 000
Sum Finans	-8 362	-8 083	-279	-64 769	-64 667	-102	-97 000	-97 000
Totalresultat	4 012	2 300	1 712	1 721	14 098	-12 377	1 000	1 000

Salsinntekt ligg over budsjett per august. Dette skuldast i hovudsak høgare sal av varer, vidarefakturering av felleskostnadar til andre regionar, samt høgare kostnadar i enkelte områder enn budsjettet.

Lønn- og personalkostnadar har eit avvik mot budsjett på 38,7 mill per august. Dette skuldast i hovudsak:

- mindre fast og variabel løn med - 2,0 mill
- mindre timar levert til investeringsprosjekt med 33,8 mill
- meir refusjonar for sjuke- og foreldrepengear med - 1,7 mill
- auka tenestekjøp frå HF'a med 7,6 mill

Øvrige kostnadar har eit avvik mot budsjett på 37,1 mill per august. Dette skuldast i hovudsak:

- kjøp av tele-/signal-/teknisk utstyr med 13,6 mill
- vedlikehald av IKT-infrastruktur med 2,7 mill
- auka kjøp av konsulentar med 8,9 mill
- auka support- og lisenskostnadar løysinger med 11,3 mill

Med eit budsjettavvik på 12,4 mill per august er det behov for ekstra innsparingstiltak for å redusere avviket mest mogeleg, og nærme seg årets resultatmål. I styremøte 8. desember vart det vedtatt ein innsparingsplan på 10 mill, og denne følgast opp med dei ulike einingane. I tillegg er det sett på følgande tiltak:

- dialog med områda om moglegheit for auka aktivitet i investeringsprosjekt
- oppfølging av all timeføring
- prioritere leveransar til digitaliseringsprosjekt
- vurdere oppgåvefordeling framfor nyttilsetning ved avgang

- vurdere oppgåvefordeling framfor nyttilsetting, eller utsetting av rekruttering av nye stillingar
- sal av lisensar som ikkje nyttast lenger

Balanse


Helse Vest IKT har så langt i år tatt opp nytt langsiktig lån frå Helse Vest RHF med 225 mill.

Balanse per 31.08.2024 (tal i 1 000)	2024	2023
Immatrielle eigendelar	1 265 484	1 351 853
Varige driftsmiddel	896 793	728 222
Finansielle anleggsmiddel	9 357	8 077
Sum anleggsmidler	2 171 634	2 088 152
Varer	31 992	35 603
Krav	398 159	356 407
Bankinnskott	168 933	133 508
Sum omlaufsmidler	599 084	525 518
Sum eigendelar	2 770 718	2 613 670
Aksjekapital	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	150 319	150 319
Annan eigenkapital	32 477	30 770
Sum eigenkapital	183 796	182 089
Pensjonsforplikting	122 483	93 515
Langsiktig gjeld	2 236 464	2 002 618
Kortsiktig gjeld	227 975	335 448
Sum gjeld	2 586 922	2 431 581
Sum eigenkapital og gjeld	2 770 718	2 613 670

Personal


Personalressursar

Tal Medarbeidarar



Sjukefråvær

Sjukefråvær i perioden frå september 2023 til august 2024. Gjennomsnitt siste 12 mnd er på 6,2 %.



Turnover

Turnover i perioden frå september 2023 til august 2024. Gjennomsnitt siste 12 mnd er på 5,4 %.

Reel turnover for organisasjon: Alle avdelinger, stillingsgruppe: Alle yrkesgrupper, alder: alle aldre, ansattstype: fast

	202401	202402	202403	202404	202405	202406	202407	202408	202309	202310	202311	202312	Snitt siste 12 mnd
Antall sluttet i perioden	2	1	2	2	5	6	3	3	8	2	4	2	40
Tal medarbeidarar	726	733	744	752	755	760	757	766	703	704	715	719	736
Turnover i prosent	0,28 %	0,14 %	0,27 %	0,27 %	0,66 %	0,79 %	0,40 %	0,39 %	1,14 %	0,28 %	0,56 %	0,28 %	5,43 %

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Harald Løbersli og Leif Nordland
SAKA GJELD: **Status budsjett 2025 for Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 037/24 0

STYREMØTE: 19.09.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret gav innspel til prosessen, og tek saka til orientering.*

Oppsummering

Helse Vest IKT vil utarbeide budsjett for ny områdestruktur, oppbygd med digitaliseringsprosjekt og tenestekatalog. Forslag til statsbudsjett blir lagt fram i oktober, og vil gi føringar for mellom anna løns- og prisvekst.

Helse Vest IKT vil avtale dialogmøte med helseføretaka og områdeleiarar- og eigarar om budsjett 2025. Alle helseføretaka bes om å nytte ØLP med tillegg av løns- og prisvekst i budsjettprosessen fram til første utkast til driftsbudsjett ligg føre frå Helse Vest IKT, venta i andre halvdel av oktober.

Investeringar i digitaliseringsområda 2024 har per august ei prognose på 377 mill., noko som er 24 mill. under budsjett, og vil gje reduserte driftskostnadar i 2025 for avskrivning og årlege lisenskostnadar samanlikna med økonomisk langtidsplan. Ikkje-aktiverbare kostnadar i digitaliseringsprosjekt 2024 har per august ei prognose på 142 mill., noko som er 17 mill. under budsjett.

Investeringar i leigeordninga har per august eit forbruk på 90 mill, og prognose på 120 mill., noko som er 30 mill. over budsjett, og vil gje auka driftskostnadar i 2025 for avskrivning. Avviket er i stor grad knytt til leveransar til nye bygg.

Investeringar i anna infrastruktur har per august eit forbruk på 48 mill, og prognose på 100 mill., noko som er 10 mill. under budsjett, dette skuldast i hovudsak forseinking på leveransar.

SLA vert handsama fortløpande, og godkjente forslag til endring blir tekne inn i budsjettforslag for 2025.

Helse Vest IKT er godt kjend med den økonomiske situasjonen i Helse Vest, og vil ha særskilt fokus på områder for mogleg innsparing og effektivisering.

Fakta

Utviklingsplanen set mål og retning

Utviklingsplanen set **mål og retning** for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT. Dei fire strategiske **måla viser kva vi skal strekke oss mot** - både i det daglege arbeidet og i den langsiktige styringa av selskapet.

Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar.



Ny teknologi, endra behov og ei uforutsigbar verd gjer at vi helle tida må utvikle oss. Vi sikrar at teknologiske løysingar og helseopplysningar er tilgjengelege, korrekte og beskytta slik at medarbeidarane i sjukehusa i Helse Vest framleis kan levere trygge og gode helsetenester.

Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon.



Mangel på helsepersonell, fleire og eldre pasientar, meir samansette sjukdomsbilete og stadig større forventningar til helsetenesta krev nye måtar å levere tenestene på. Gjennom vår teknologi-kompetanse og forståing av sjukehusa sine behov bidreg vi til å utnytte digitale verktyø for å møte utfordringsbiletet.

Vi har ein moderne digital grunnmur.



For å ivareta sikker, stabil og effektiv drift og understøtte helseføretaka sine behov for å levere helsetenester på nye måtar, har vi ein moderne digital grunnmur. Den gjer det mogleg for sjukehusa å endre seg raskare og er ei verktøykasse for brukarnær utvikling av løysingar som er tilpassa brukarane og passar inn i vårt teknologilandskap.

Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette.



Leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre og vi har ein unik samansetnad av teknologikompetanse og kjennskap til sjukehusa. Saman skapar vi ein god arbeidsplass prega av engasjement, samarbeid og læring. Vi utviklar kompetansen og tenestene våre i takt med sjukehusas behov.

I arbeidet med prioritering av aktivitet og leveransar frå Helse Vest IKT vil utviklingsplan være førande for prioritering av tiltak, saman med innspel frå områda.

Områder i ny styringsstruktur

Overgang til ny styringsstruktur med områdeinndeling har til dels vore krevjande, og det er jobba mykje med struktur og rapportar for å mogleggjere god økonomistyring. Dette er no i hovudsak på plass, og budsjett vil bli utarbeida per område og delområde, der prosjekt og tenestegrupper inngår. I Digitaliseringsstyret 19. august vart økonomisk ramme for digitaliseringsprosjekt handsama, og ein opprettheld rammar satt i økonomisk langtidsplan med 385 mill. kr til investeringar og 165 mill. kr til ikkje aktiverbare kostnader (begge før justering løns- og prisvekst).

Microsoft 365

Alle føretaka har teke i bruk Microsoft 365, og gått over til sky. Det har vore utfordringar med å finne nok lisensar, både som følgje av fleire tilsette enn tidlegare estimert, og som følgje av større behov for dei dyraste lisensane (E3 og E5). I arbeidet med budsjett 2025 vil samansetning av lisensar bli diskutert med HF'a. Avtale med Microsoft skal reforhandlast hausten 2025, og det kan kome endringar i avtalen mot slutten av året.

Investeringar

Investeringsbudsjettet består i hovudsak fire element; ramme frå HF-a på konkrete investeringar, ramme frå Digitaliseringsstyret, ramme for leigeordning PC/skrivarar og ramme for infrastruktur.

Aktuelle investeringar frå HF/RHF:

- Trådløst nett, kabla nett, tele og signallegg
 - Det er dialog med helseføretaka om utbyggingstakt og investeringsnivå for 2025.
- Byggeprosjekt

- Dialog med byggeprosjekt og HF om investeringar knytte til byggeprosjekt, førebels utkast til budsjett 2025 vil bli handsama i styringsgruppa.
- Eventuelt andre behov for investeringar frå helseføretaka vil bli tekne inn i budsjettet etter dialogmøte .
- Oppgradering og tilleggslisensar for system som ikkje går gjennom portefølje.

Digitaliseringsstyret:

Totalramma for 2025 – 2029 vart handsama i ØLP, og investeringsramma vart for 2025 foreslått til 385 mill. kr før justering av løns- og prisvekst. Det er teke omsyn til ei viss dreining frå investering til ikkje-aktiverbare kostnader i åra framover, og ein ser no at stadig fleire løysingar berre er i sky – noko som forsterkar dreinga.

År	Investering	Ikke-aktiverbar
2024	400	146
2025	385	165
2026	360	190
2027	330	220
2028	300	250
2029	275	275

Infrastruktur:

Ramma for infrastruktur skal dekke alt leigeutstyr, reinvesteringar i fordelarar og nettverk, serverar og lagringsløysningar, sikkerheitsløysingar og tele/signal/video.

Totalramma for infrastruktur i 2025 – 2029 vart handsama i styret for Helse Vest IKT 26. april.

Investeringer	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Server, lagring, nettverk, tele/signal	110 558	140 960	135 009	135 000	120 000	120 000
Leigeordning	93 870	90 000	80 000	80 000	90 000	90 000
Digital plattform	24 000	13 000	14 000	15 000	16 000	17 000
Føretaksvisse investeringar	23 900	19 350	19 350	19 350	19 350	19 350
Sum	252 328	263 310	248 359	249 350	245 350	246 350

Investeringsramma i langtidsbudsjettet vart for 2025 foreslått til 263 mill. før justering av løns- og prisvekst. Det har vore ei utfordring med sterk prisvekst på infrastruktur det siste året, mykje på grunn av valutaendringar, men òg på grunn av sterk etterspurnad og leveranseproblem.

Ny datahall:

Som følgje av lov og myndigheitskrav må Helse Vest IKT flytte ut av to datahallar i Bergen, og er i gang med å etablere ny datahall på annan lokasjon. Investering i ny datahall kjem i tillegg til investeringane i digitaliseringsprosjekt og infrastruktur, og vert særskilt finansiert av Helse Vest RHF. Estimert investering er på 55 mill. kr.

Innsparing:

Alle avdelingar/seksjonar/områder skal i budsjettarbeidet identifisere og prioritere moglege kostnadsreduksjonar. Arbeidet med å fase ut små og mellomstore løysingar er godt i gang, i tett samarbeid med føretaka. Det er eit mål om å standardisere ytterlegare, og at alle nye initiativ skal handsamast regionalt.

Innanfor innkjøpsområdet ses det spesielt på avtalelojalitet, noko som kan gje reduserte kostnader og meir standardisering. Avtalane for IKT-utstyr er ute på anbod i haust, noko som kan gje reduserte kostnader dei neste åra.

Byggeprosjekt:

Det er god dialog med dei lokale byggeprosjekta om forventna leveransar i 2024/2025, og første utkast til budsjett er under arbeid. Det leggst opp til tett dialog med føretaka om leveranse av ressursar til dei ulike oppgåvene. Foreløpig estimat viser ein leveranse i 2024 på om lag 40 årsverk, med ein reduksjon i løpet av 2025 ned mot om lag 30 årsverk på slutten av året.

Driftskostnader

Kostnader til lisensar og vedlikehald utstyr har så langt i 2024 eit overforbruk på 31 mill. kr. Noko av dette er knytt til utstyr levert til byggeprosjekta, men ein ser og høgare support- og vedlikehaldskostnader til mellom anna skåringløyser, AMK, SAP, skytenester og nettverksløyser.

Bemanning

Siste prognose for levering av timar i 2024 viser lågare aktivitet enn budsjettet i digitaliseringsprosjekta og i byggeprosjekta. I estimat for 2025 frå digitaliseringsprosjekt er det lagt opp til høgare aktivitet og fleire leveransar frå Helse Vest IKT, noko som vil krevje levering av fleire timar i 2025 enn i 2024, mens det for byggeprosjekt er lagt opp til lågare aktivitet og færre leveransar frå Helse Vest IKT.

I budsjett for 2024 var det planlagt ei bemanning på 810 årsverk ved utgangen av året, per september har vi 770 årsverk, og prognosen viser ei bemanning på om lag 800 ved utgangen av året. Dette er noko under budsjett, og kan gje lågare leveringskapasitet enn ønska ved inngangen til 2025.

Sjukefråvær har vore høgare enn ønska i 2023 og 2024, noko som gir utfordringar i leveransekapasitet, mens turnover er på eit lågare nivå i 2024 enn i 2023.

I budsjett for 2025 legg ein opp til eit 0-vekstbudsjett på bemanning, men ein må ha særskilt vurdering av:

- endra behov i byggeprosjekt
- erstatning av innleige
- eventuelt større nye satsingar

Dette vil krevje meir tverrfagleg bruk av ressursar innanfor områda, noko som er i tråd med målsettinga om å «smelte saman» prosjekt og forvaltning.

Rentekostnader

Rentenivået har vore stabilt i 2024, men venta rentenedgang er usikker, og kan gje ein høgare rentekostnad i 2024 og 2025 enn anslag i ØLP. Det vil i så fall gje ein auke i timepris og desktoppris utover ordinær løns- og prisvekst.

I budsjett 2024 er det lagt til grunn ei rente på 4,5%, og i ØLP er følgjande lagt til grunn:

Rentebane	2025	2026	2027	2028	2029
Rente	3,70 %	3,50 %	3,30 %	3,00 %	3,00 %

Timepris

Timepris for Helse Vest IKT vil bli justert med ordinær løns- og prisvekst. Timepris blir foreslått auka frå 1 000 til 1 050 per time.

Pensjonskostnad

Siste NRS-estimat frå KLP viser ein pensjonskostnad på 100,9 mill. for 2025 (86,2 mill. for 2024), ei auke i forhold til budsjett 2024 på 14,7 mill.

Konklusjon

Helse Vest IKT er godt kjent med dei økonomiske utfordringane som helseføretaka står overfor med omsyn til reduserte økonomiske rammer og krav til økonomisk berekraft for å kunne handtere store investeringar innanfor sjukehusbygg i åra som kjem. Helse Vest IKT er oppteken av å vidareføre kosteffektiviteten innanfor IKT-området.

Prognose for bemanning per desember 2024 blir utgangspunkt for budsjett 2025, og det blir lagt opp til 0-vekst, eventuelt korrigert for aktivitetsnivå i byggeprosjekt, erstatte innleige og større nye satsingar.

Den største usikkerheita har vi innanfor (a) aktivitetsnivået i digitaliseringsprosjekt og byggeprosjekt, (b) nye avtaler på VMWare og skyløysingar, og (c) kostnadar som følgje av auka krav til IKT-sikkerheit.

Plan for og arbeid med kostnadskutt, innsparing, automatisering og robotisering blir prioritert.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Peter Galambos, Harald Flaten
SAKA GJELD: **Skystrategi**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **038/24 D**

STYREMØTE: **19.09.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Administrasjonen tar med innspill fra møtet i det videre arbeidet med skystrategien.

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saken lagt frem status på arbeidet med skystrategi. Denne er under arbeid av det nyopprettede Cloud Center of Excellence (CCoE) i skytjenester. CCoE består av medarbeidere fra den teknisk operasjonelle delen av IKT-tjenester samt utvikling, arkitektur og datastyring, digital plattform, integrasjon, MOT, økonomi og juridisk.

Strategien skal være styrende for de vurderinger som legges til grunn for valg av tjenestemodell og tjenstedistribusjon. Strategien vil inneholde følgende områder:



Arbeidet startet opp med heldagsmøte 3. september der vi gikk gjennom vår egen, nå utgåtte, strategi samt strategier fra Norsk Helsenett og Helse Nord IKT. Neste møte er 17. september der vi skal fastsette endelig arbeidsplan og kommunikasjonsstrategi. Arbeidet skal være ferdig i 0.8 versjon i slutten av oktober og en 1.0-versjon som presenteres på styreseminaret i desember.

Vi begynner først med å opprette en informasjonsside om CCoE og arbeidet med strategi og vil samarbeide med kommunikasjon om hvordan vi kan gjøre dette på best mulig måte.

Deltagerne i CCoE vil involvere sine respektive områder i arbeidet og vi vil involvere tillitsvalgte i tillegg til vårt sikkerhetsråd for M365 og Azure.

Fakta

Helse vest IKT leverer i dag tjenester på ulike plattformer. Disse er offentlig sky som i øyeblikket består av Microsoft 365, Power Plattform samt Azure Infrastruktur, Privat Offentlig sky som f.eks. Oracle Exa Data og Privat sky som leverer tjenester fra egne datahaller i Helse Vest. Vi er godt teknisk rigget i de ulike plattformene og har forvaltning på plass. Helse Vest IKT ønsker å forbedre og optimalisere leveringsmodeller og en skystrategi vil være en viktig del av dette arbeidet.

Tiltak fra foregående skystrategi som er ferdigstilt er Enterprise Scale Architecture i Azure, M365 innført i Helse Vest, seksjon skytjenester opprettet, tilgang og identitetsstyring (Entra ID) samt informasjonsbeskyttelse. Vi går nå over i neste fase med optimalisering og operasjonalisering.

Konklusjon

Skystrategi vil hjelpe Helse Vest IKT til å levere moderne tjenester effektivt med kortest mulig leveransetid basert på tydelig definerte kriterier.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Rolf Ruland, Hedda Rødder, Axel Bruun, Randi Ynnesdal, Tone Solheim, Leif Nordland

SAKA GJELD: **Status internkontroll, leing og kvalitetsforbetring**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **Styresak 039/24 B**

STYREMØTE: **19.09.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til etterretning.

Oppsummering

Viser til møteplan for styret for 2024, der temaet internkontroll er satt på dagsorden til møtet 19.09.2024. Omgrepet internkontroll blir, som tidlegare, nytta i relativt vid forstand.

I tillegg er arbeid med føreskrift om leiing og kvalitetsforbetring teke inn i saka, då det heng tett saman med arbeidet med internkontroll.

Fakta

Det er i saka peika på rutinane for å sikre god internkontroll, og status innanfor dei ulike hovudområda for internkontroll. Administrasjonen er av det syn at rutinane for internkontroll og status i Helse Vest IKT er tilfredsstillande for å sikre drift og omdøme av Helse Vest IKT. Administrasjonen vil arbeide vidare med følgjande tiltak:

Tiltak	Tid
Innkjøp – delta i regional utvikling av KPI-ar og regional handlingsplan	2024/25
HMS – medarbeidarundersøking	Q1 2025
HMS – følgje opp medarbeidarundersøkinga 2024, vurdere område for internrevisjon	Q3 2024
Postjournal og arkiv – opplæring av brukarar i «Elements»	2024
IKT-sikkerheit/personvern – dokumentere løysingar som inneheld personopplysningar i protokollverktøy	2024/2025
Utarbeide årleg plan for internrevisjon 2025	Q4 2024
Lokal lønspolitikk, del 2 med stillingskodar	Q3-Q4 2024
Felles leiarplattform	2024/2025
Rekrutteringsstrategi for selskapet	Q4 2024
Nasjonale sikkerheitsmånad	Q4 2024

Kommentarar

Definisjonar

- *Internkontrollføreskrift* = Føreskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder
- *Internkontroll* = Gjennomføre risikoanalyse og oppfølging
- *ROS* = Risiko og Sårbarheitsanalyse
- *KOFA* = Klagenemda for offentlege anskaffingar

Dokument/referansar

- Føreskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollføreskrifta)
- Føreskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta

Viktige element i Internkontrollføreskrifta

- 1) Dagleg leiar er ansvarleg for internkontroll
- 2) Internkontroll skal integrerast i overordna styring og planlegging av verksemda
- 3) Arbeidstakar sin medverknad
- 4) Dokumentering av arbeidet (§5)
- 5) Tilsynsmyndigheiter (§7)

Internkontrollføreskrifta omhandlar området HMS og tilhøyrande aktivitetar, men metodikken kan, via gjennomføring av risikoanalysar, tiltak og oppfølging, òg ta i vare strategiske aktivitetar som sikrar drifta av verksemda. HMS er berre eit av dei områda Helse Vest IKT har valt ut som internkontrollaktivitet.

Føreskrift om leiing og kvalitetsforbetring skal bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, samt til at krav i helse- og omsorgslovgjevinga blir etterlevd.

Drøfting

Helse Vest IKT har definert følgjande ni område for internkontroll:

1. Økonomi og rekneskap

- Det blir utarbeidd rekneskap- og økonomistatus månadleg, som òg blir rapportert til styret.
- Revisjonsfirmaet BDO utarbeider årleg IT-revisjon (ROS) knytt til bruken av IKT for talgrunnlaget som inngår i rekneskap og økonomistyring. Dei skriv òg ei oppsummering av årsrevisjonen til Helse Vest RHF.

Kommentar:

Revisor hadde ingen kommentarar eller innspel etter årsrevisjonen 2023.

Utfordringar:

Innføring av nye prosessar, opplæring og etterleving av desse.

Konklusjon: Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til rekneskap og økonomistyring.

2. Innkjøp

- Helse Vest IKT har ein fullmaktstruktur med beløpsgrenser som er innarbeidd i system for bestilling og fakturahandsaming.

- Regionale prosessar er definerte gjennom Libra og dokumenterte i QLM.
- Nasjonale rammeavtalar og minikonkurransar via Sykehusinnkjøp HF blir nytta der det finst, vidare blir det gjort eigne separate innkjøpsavtalar, til dømes overfor Microsoft og DIPS.
- Elements blir nytta for å arkivere dokumentasjon, medan Contiki blir nytta for lagring av sjølve avtaledokumenta.
- Databehandlaravtalar blir lagra i Elements.
- SAP S/4 HANA blir nytta for innkjøp.
- ROS på sjølve innkjøpsprosessane blir gjort i større prosjekt.
- Helse Vest IKT har i tråd med regional prosess vedteke innkjøpspolicy og sikra oppdatert fullmaktstruktur.

Kommentar:

Fullmaktstruktur og 4-auge-prinsipp er sikra gjennom systemløysing i Libra.

Utfordringar:

Prosess for anbod og tilbodsevaluering er manuell, og god systemstøtte saknast.

Konklusjon:

Helse Vest IKT nyttar prosessar og løysingar for innkjøp, og vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til innkjøp.

3. HR- og personalområdet

Innsatsen på dette området er no gjort tydeleg gjennom vedteke Utviklingsplan for selskapet. Utviklingsplanen blir understøtta med årlege tiltak innan HR- og personalarbeid.

- Personalhandboka skildrar samhandlinga med alle våre tilsette. Det er planlagt revisjon av denne 2024/25.
- Del 1 av Lokal lønspolitikk for selskapet vart vedteken i 2022. Del 2, som omhandlar stillingskodar og stillingsskilddingar, blir vedteken og innført i 2024. For medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde skal lønspolitikken bidra til at lønspraksisen er konsekvent, føreseieleg og basert på kjende kriterium.
- Det er vedteke eit mandat for arbeid med ei felles leiarplattform for selskapet. Leiargruppa, mellomleiarar, tillitsvalde og verneombod vil bli involvert i prosessen. Arbeidet vil gå føre seg i 2024/25. Det blir òg jobba med ein digital leiarportal.
- Det vart òg vinteren 2024 gjennomført medarbeidarundersøking ("ForBetring") i regional regi. Oppfølging av medarbeidarundersøking på seksjons-, avdelings- og selskapsnivå i tråd med regionale retningslinjer.
- Det vart i 2023/24 gjennomført eit obligatorisk arbeidsmiljøtiltak for heile selskapet, "Ein bra dag på jobben". Oppfølginga av dette tiltaket vil gå føre seg inn i 2025.
- Det vart i 2024 gjennomført ei ekstern kulturkartlegging. Formålet var å kartlegge situasjonen når det gjeld kulturelle trekk, og å avdekke kva for nokre kulturelle trekk vi må jobbe med/ mot for å komme dit vi vil (jf. måla i Utviklingsplanen).

- Det er etablert retningslinjer for sjekk/kontroll av informasjon og opplysningar ved rekruttering, samt felles onboardingplan for nytilsette. Det blir i 2024 jobba med å få på plass ein felles rekrutteringsstrategi for selskapet.
- Det er i 2024 utarbeidd retningslinjer for sakshandsaming av personalsaker.
- Det er etablert retningslinjer for bruk av heimekontor og mal for frivillig inngåing av avtale om heimekontor.
- Selskapet har kjende rutinar for innmelding- og oppfølging av sjukefråvær, og nyttar òg IA-modul i Gat. Helse Vest får sjukemeldingar digitalt og nyttar digital oppfølgingsplan mellom leiar og medarbeidar når det er mogleg.
- Graderte personalmapper ligg i arkivsystemet Elements. Selskapet nyttar e-signering av alle arbeidsavtalar.
- Arbeidsgivar gjennomfører faste månadlege møte med fagforeiningar og vernetenesta, kalla "Samarbeidsmøtet". Dette er eit forum for informasjon, dialog og medverknad.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til personalområdet.

4. HMS

- HMS-handbok med rutinar knytte til HMS-arbeidet.
- Det er etablert ordning for verneombod. Hovudverneombod er medlem av AMU som gjennomfører seks møter årleg. I samband med flytting til nytt bygg i Bergen, planlegg ein å sjå til at ein får avdelingsvise verneombod, i tillegg til eit verneombod per bygg, gjerne slik at verneombod for bygg òg er avdelingsverneombod. I HMS-handboka er det oversikt over selskapet sin organisasjon, med oversikt over ansvar, oppgåver og myndigheit for HMS-arbeidet.
- Det blir årleg gjort HMS-risikoanalyse/HMS-kartleggingar.
- Det er etablert rutinar for vernerundar kvar veke på alle geografiske stader av ein viss storleik, stort sett utført av lokalt verneombod. Oppfølging/hyppigheit på rundane kan variere noko frå stad til stad, alt ut frå opplevd behov på den enkelte stad.
- Synergi er implementert som rapporteringssystem for uønskte hendingar og oppfølging.
- Alle leiarar har fått tilgang til opplæring i Synergi, opne saker blir gjennomgått i avdelingsleiar møter.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til HMS i høve til internkontrollførekrifta.

5. Postjournal og arkiv

- For postjournal og arkivering av inn- og utpost blir det regionale systemet Elements nytta, dette sikrar lagring og sikkerheit.
- Offentleg postliste via Elements blei frå januar 2024 tilgjengeleg for publikum/presse med moglegheit for direkte bestilling av innsyn i dokumenta.

- Arkivering av intern saksbehandling blir delvis lagt på Teams og delvis på avdelingsvise «SharePoint»-sider. Informasjonen blir sikra gjennom datalagringsrutinar og sikkerheitsrutinar, men det krev meir arbeid å søkje opp informasjonen. Desse oppgåvene blir likevel tekne i vare, og sikrar drifta av verksemda. Ein aukande del av intern saksbehandling blir lagra i Elements.
- Løysing for lasting av dokumentasjon (e.g. møtereferat) frå Sharepoint til Elements er tilgjengeleg.
- Løysing for direkte arkivering av e-post er på plass.
- Løysing for elektronisk signering av avtalar er på plass.
- Opplæring av nye brukarar, leiargruppa og sentrale brukarar held fram, samstundes som tal på brukarar aukar.
- Målsetting om at all dokumentasjon som er gjenstand for sakshandsaming blir handsama og dermed automatisk arkivert i Elements.
- Arbeidet med dokumentfangst held fram i tråd med rutinar «Rutinar for dokumenthandsaming i saksbehandlingssystemet for føretaka i Helse Vest». Dokument er under revidering haust 2024.

Utfordringar:

Arkivverdig dokumentasjon som i dag blir lagra på Teams eller SharePoint, blir ikkje arkivert i Elements. Arkivverdig e-post blir ikkje alltid arkivert i Elements. Den enkelte sakshandsamar må ta stilling til kva som skal arkiverast og følgje retningslinene i «Rutinar for dokumenthandsaming i saksbehandlingssystemet for føretaka i Helse Vest».

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar for å ta i vare postjournal og arkiv.

Helse Vest IKT følgjer etablert strategi på line med resten av helseføretaka i regionen og vil arbeide aktivt for å utvide bruken av Elements basert på gjeldande regional strategi.

6. IKT-sikkerheit i Helse Vest IKT.

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt til grunn at dei regionale helseføretaka skal ha ein *rullerande* regional handlingsplan for informasjonssikkerheit.

Følgjande tiltak vil bli adresserte i den nye handlingsplanen som skal gjelde i perioden 2024 – 2027:

- Sikkerheitsstyring – informasjonssikkerheit som del av ordinær verksemdstyring
- Sikkerheitsstyring – informasjonssikkerheit og personvern i styringsstruktur for digitalisering
- Forbetra risikostyring
- Informasjonssikkerheit og personvern i anskaffingar
- Leverandørstyring
- Sikkerheitsrevisjonar
- Automatisert identifikasjon og katalogisering av utstyr, system og sårbarheit
- Ytterlegare sikring av nettverk
- Oversikt over egne einingar og konfigurasjon

- Kartlegging og handtering av sårbarheiter
- Sikrere og meir brukarvennleg pålogging
- Styrka informasjonssikkerheit og personvern i M365
- Sikker bruk av kunstig intelligens (KI)
- Heilskapleg sikkerheitsarkitektur
- Tiltak innan området medarbeidar
- Sikkerheitskultur og opplæring
- Trusselvurdering
- Øvingar

Leverandørstyring

Vi vil legge til rette for at våre leverandørar kan vere partnerar som understøtter god informasjonssikkerheit og personvern frå anskaffing og etablering og gjennom hele livsløpet til løysinga.

Forbetra risikostyring

Forbetring av ROS-prosessar og ROS-verktøy for å styrke risikostyringa, inkludert betre eigarskap og oppfølging av risiko, og tiltak og samanstilling av risiko på verksemdsnivå. Det er òg naudsynt å avklare grenseoppgang opp mot styringsstruktur for digitalisering når det kjem til risikostyring for risikoar som går på tvers av dei ulike verksemdene sine ansvarsområde.

Sikrere og meir brukarvennleg pålogging

Helse Vest IKT vil starte eit initiativ for å få rulla ut passordlaus pålogging (FIDO2) i heile regionen. Det er viktig å få på plass sikker og brukarvennleg autentisering som òg støttar opp under mobile flater på ein god måte.

Sikkerheitskultur og opplæring

Helse Vest IKT deltok i nasjonal sikkerheitsmånad i regional regi i oktober 2023, og vil òg delta i 2024. I år har vi invitert NSM til Bergen for å snakke om informasjonssikkerheit, i tillegg til å gjennomføre webinar og publisere intranettartiklar slik vi plar.

Sikkerheitsrevisjonar

Sikkerheitsrevisjonar er ein spiss og krevjande del av leverandørstyringa, både for dei som reviderer og dei som blir revidert. Sikkerheitsrevisjon omfattar kontroll og verifikasjon av naudsynte sikkerheitstiltak i verksemda, og skal gjennomførast jamleg. Helse Vest sine malar for datahandsamaravtalar heimlar moglegheit for sikkerheitsrevisjon. Slike revisjonar kan spenne frå sårbarheitsskanning til inntrengingstestar/penetrasjonstestar og større formelle revisjonar. For sistnemnde skal det samarbeidast med dei andre helseregionane dersom leverandøren er felles med desse.

CISO har det overordna ansvaret for at det blir gjennomført internkontroll på informasjonssikkerhetsområdet i Helse Vest IKT. Internkontroll blir utført av tilsette i sikkerheitsorganisasjonen eller eksterne, alt etter behov og kva fagområde som blir valt ut for kontroll.

Utfordringar:

Helse Vest IKT treng internkontrollaktivitetar som omfattar etterleving av styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern. Verksemda treng òg å forbetre kommunikasjonen ut mot tilsette om korleis policyar i styringssystemet best kan etterlevast.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til IKT-sikkerheit.

7. Personvern

Personvernteamet har frå andre halvdel av 2023 bestått av to juristar, ein i 100% stilling og ein i 60% stilling, i tillegg til personvernombodet. Teamet har blant anna vore involvert i personvernrettslege problemstillingar knytt til ROS-analysar, DPIA-ar, og rådgjevnad i lokale og regionale prosjekt.

I 2024 har arbeidet rundt databehandlingsavtalar haldt fram. Det står att noko arbeid med databehandlingsavtalar i små- og mellomstore system, men kartlegging av behovet er i stor grad gjennomført. Det er sett i gang revisjon av fleire avtalar, men det er ikkje utarbeida ei fast rutine for dette.

Store deler av 2023 har gått med til å utarbeide protokoll, og VismaDraftits protokollverktøy er no implementert. Under arbeid med protokollføring som databehandlar vart det oppdaga at integrasjon mellom Assyst og protokollverktøyet ikkje er implementert. Det er oppretta dialog med leverandør for å undersøke om ønska integrasjon er mogleg, men her står det att ein del arbeid.

Arbeid knytt til gjennomføring og rådgjevnad rundt DPIA har som venta auka sidan i fjor. Det er oppretta eit regionalt samarbeid som skal arbeide med forenkling av prosess for gjennomføring av DPIA i Helse Vest. Det utarbeidast blant anna eit nytt malverk og faste rutinar for DPIA-prosessen. Det er ønskeleg at rutinane er på plass innan utgangen av 2024.

Personvernteamet skal òg frå andre halvdel av 2024 delta i arbeid knytt til KI Enabling Team og etablering av Cloud Center of Excellence (CCOE).

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til personvern.

8. Miljøarbeid

- Helse Vest IKT vedtok i 2022 å gå ut av sertifiseringsordninga. Siste miljøsertifisering vart godkjent etter ny standard ISO 14001:2015 i januar 2021.
- Interne revisjonar skal gjennomførast som tidlegare, men vart ikkje gjennomført våren 2023. Dette skuldast i hovudsak flytting av alle lokale i Bergen. F.o.m. hausten 2023 har internrevisjonar blitt gjennomført som tenkt (to gonger per år).
- F.o.m. hausten 2023 består miljøkoordinatorteamet av to personar, som samarbeider tett med kommunikasjonsavdelinga for auka bevisstgjeringskring miljø hos dei tilsette. I tillegg til internrevisjonar og oppfølging av desse, er ei intern returordning for mobiltelefonar under arbeid.

- Når det gjeld miljømål, vart det i leingas gjennomgang i februar 2024 vedteke at seksjonsvise mål går ut, slik at Helse Vest IKT i større grad kan fokusere på å nå mål på organisasjonsnivå.

Konklusjon:

Helse Vest IKT følgjer egne miljømål på organisasjonsnivå, med utgangspunkt i myndigheitene sitt vedtekne rammeverk. Helse Vest IKT forpliktar seg til å vere ein miljøbevisst organisasjon som kontinuerleg reduserer den negative miljøpåverknaden ved å tenke langsiktig og førebyggjande.


9. Ethiske retningslinjer

- Helse Vest IKT følgjer etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest.
- Brot på sikkerheitsinstruks rapporterast gjennom Synergi.
- Ethiske innkjøp følgast opp gjennom Sykehusinnkjøp HF.
- Ethiske retningslinjer er ein del av obligatorisk gjennomgang for nytilsette.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til etiske retningslinjer.

Styringssystemet for Helse Vest IKT AS er delt inn i følgjande områder:



I 2024 er det ikkje gjennomført internrevisjonar av område i styringssystemet, og arbeidet med oppdatering etter overgang til ny styringsstruktur for digitalisering er ikkje ferdig enno.

Helse Vest IKT AS vil i løpet av 2024/2025 ha ein gjennomgang av styringssystemet og korrigere for endringar som følgje av ny styringsstruktur, samt vurdere område som skal ha internrevisjon.

Konklusjon

Til definerte tema for internkontroll vurderast administrasjonen å ha tilfredsstillande rutinar som samsvarar med metodikken i internkontrollforskrifta for å sikre drift og omdøme for Helse Vest IKT.

Tema for gjennomgang av leiing og kvalitetsforbetring i Q4 2024 vil bli valt ut i leiarmøte i Helse Vest IKT.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 12.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Leif Nordland
SAKA GJELD: **Utkast til møteplan for styret i Helse Vest IKT for 2025**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **040/24 B**

STYREMØTE: **19.09.2024**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek møteplan for 2025 med dei endringar som eventuelt kjem etter kalenderinvitasjon er sendt ut.

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka lagt fram forslag til møteplan for styret for 2025, avstemt med regional møtekalender for 2025. Administrasjonen legg opp til same tal styremøte som for innverande år, og til ei vidareføring av balansen mellom fysiske møter og videomøter.

Fakta

Administrasjonen foreslår fylgjande møtedatoar for 6 styremøte og 1 styreseminar i møteplan for 2025:

Torsdag 20. mars 2025, kl 09:30 – 14:00, Styremøte, Stavanger

Onsdag 23. april 2025, kl 09:00 – 12:00, Styremøte, Teams

Fredag 13. juni 2025, kl 12:00 – 15:00, Styremøte, Teams

Onsdag 17. september 2025, kl 12:00 – 16:00, Styreseminar, Bergen

Torsdag 18. september 2025, kl 08:30 – 14:00, Styremøte, Bergen

Torsdag 6. november 2025, kl 08:30 – 11:30, Styremøte, Teams

Onsdag 10. desember 2025, kl 19:00, styremiddag, Bergen

Torsdag 11. desember 2025, kl 08:30 – 14:00, Styremøte, Bergen

Konklusjon

Administrasjonen sender ut møteinnkalling på foreslåtte møtetidspunkt, og avklarar eventuelle endringar på e-post.

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest IKT AS
DATO:	06.09.2024
SAKSHANDSAMAR:	Rolf Ruland
SAKA GJELD:	Val av og blant dei tilsette – oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest IKT AS
ARKIVSAK:	
STYRESAK:	041/24 B
STYREMØTE:	19.09.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Valstyret for Helse Vest IKT AS for valet av tilsettrepresentantar til styret i 2025, skal ha følgjande medlemmer:*

- *Ole Fredrik Gulbrandsen (HR-leiar)*
- *Anna Kristine Fjeld (frå arbeidstakarorganisasjonane)*
- *Rolf Ruland (Rådgjevar)*

Oppsummering

Helse Vest RHF gjennomfører felles prosessar for val av styremedlemar av og blant dei tilsette. Førre val vart gjennomført i februar 2023. Nytt val er i 2025.

Fakta

Helse Vest RHF arbeider no med planar for val i 2025. Ein planlegg med tanke på at valet skal være ferdig i slutten av februar 2025.

Reglar for val av styremedlemmer til Helse Vest IKT fylgjer av aksjelova, ikkje helseføretakslova. Administrasjonen i Helse Vest IKT har likevel meldt til Helse Vest RHF at det er ynskje om å kunne delta i den fellesprosessen som Helse Vest RHF legg til rette for når det gjeld val av styremedlemmer valt av og mellom dei tilsette.

Administrasjonen ber styret om å utnemne valstyre.

Administrasjonen har gjennomført dialog med arbeidstakarorganisasjonane i prosessen med å legge fram forslag til valstyre. Administrasjonen foreslår fylgjande valstyre;

- Anna Kristine Fjeld (frå arbeidstakarorganisasjonane)
- Rolf Ruland (Rådgjevar)
- Ole Fredrik Gulbrandsen (HR-leiar)

Konklusjon

Administrasjonen har med denne saka bedt styret om å utnemne valstyre.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 10.09.2024
SAKSHANDSAMAR: Avdelingsleiar Ørjan Andersen og seksjonsleiar Terje Bakkelund

SAKA GJELD: **Status applikasjonsportefølje – små og mellomstore system**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **042/24 O**

STYREMØTE: 19.09.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek saka til orientering og ber Helse Vest IKT om å jobbe systematisk i samarbeid med helseføretaka med å sanere applikasjoner som ikkje er i bruk eller som kan erstattast av andre applikasjoner*

Oppsummering

Helse Vest IKT har sidan 2013 organisert forvaltning av små og mellomstore system som ei eiga tenestegruppe, der vi har ei gruppe systemforvaltere (7 årsverk) som tek ansvar for ei stor mengd ulike applikasjoner. Innføring, endring og utfasing av system blir gjort i dialog med helseføretaka sine IKT-bestillarar og det er definert to faste priskategorier for denne type systemforvaltning.

Gjennom 2023 og 2024 har det blitt jobba systematisk med å redusere tal applikasjoner i denne delen av systemporteføljen. Ytterlegare reduksjon i volum vil krevje tett samarbeid med helseføretaka sine ulike brukermiljø for å kartlegge om dei kan nytte alternative system.

I august 2023 hadde vi 1103 registrerte system i kategorien små- og mellomstore system. Ved starten av september 2024 har vi redusert dette til 976 system. I same periode har vi også innført fleire nye system. Mange av desse nye systema er ein direkte konsekvens av nye behov relatert til fleire byggeprosjekt i regionen.

Fakta

Drift og forvaltning av små og mellomstore systemer er beskrive i SLA (vedlegg 1) og har ein enklare forvaltningsrigg enn større og meir kompliserte system. Vi har ingen eller lite fagleg kompetanse på funksjonaliteten til systema, noko som helseføretaka må inneha sjølve eller at dei får bistand frå aktuell underleverandør. I denne applikasjonsporteføljen er det også i dag inkludert mange forskjellige tekniske- og medisinsk-tekniske system som vi skal flytte over i eigne dedikerte tenestegrupper. Auka fokus på IKT-tryggleik og meir aktiv forvaltning av enkelte av desse systema krev ei eiga gruppering av forvaltere som bygger opp spesifikk kompetanse og har dialog med desse fagmiljøa i helseføretaka.

Kommentarar

Gjennom det siste året har seksjon Drift-og støttesystem i avdeling Tenesteutvikling jobba systematisk med å få betre innsikt i den store porteføljen av små- og mellomstore system. Det er kartlagt kva helseføretak eller sjukehus som nyttar dei enkelte applikasjonane og det er identifisert kor mykje dei er brukt ved å identifisere kor mange unike brukarar som har logga seg på. Gjennom desse analysane har vi kunne fasa ut mange mindre applikasjoner som kun blei brukt svært sporadisk av få personer.

Analysane viser også at det kan vera eit potensiale for å fase ut eller erstatte mange fleire system, men dette vil krevje at dei enkelte brukermiljø blir kontakta og utforda på om systemet er nødvendig eller om dei kan nytte alternative system. Oversikt over identifiserte system er utarbeida og tilgjengeleggjort for våre kontaktpersoner i helseføretaka, slik at desse kan gå i dialog med aktuelle fagmiljø.

For å gi Helse Vest IKT og sjukehusa betre oversikt på innhaldet i denne delen av systemporteføljen så jobber vi må få plass ei betre kategorisering av applikasjonane.

Dette vil gi oss betre kontroll på kva vi har, kva alternative løysingar vi kan tilby og dermed kan vi også tilby ein form for tenestekatalog for dei som har eit behov. Ei slik kategorisering av system er starta opp, men vi jobber fortsatt med å avklare hensiktsmessig detaljeringsnivå og dermed også kva arbeidsomfang vi skal legge inn i dette.

Som ein del av innføringa av Microsoft 365 så tilbys det mange ulike apper og funksjonalitet. I samarbeid med dei som innfører M365 jobber vi med å identifisere om vi har overlappende funksjonalitet som kan bli erstatta av apper som tilbys i M365. Innanfor enkelte områder er dette muleg, men den store mengden med spesialapplikasjoner som er plassert i systemporteføljen til små og mellomstore system let seg ikkje erstatte i M365.

Konklusjon

Helse Vest IKT vi fortsette å jobbe systematisk med å levere på sjukehusa sine ulike behov for små og mellomstore spesialapplikasjoner, men samstundes utfordre på om ulike behov kan løysast med allereie innførte applikasjoner som vi har i porteføljen.

Vedlegg 1 – SLA kap 5.8.4, Små og mellomstore system

5.8.4 Små og mellomstore systemer

Små og mellomstore systemer har en forvaltningsmodell hos Leverandøren som skiller seg fra større, mer komplekse systemer. Med dette menes:

- Dedikert organisasjonsenhet hos Leverandøren som håndterer forvaltning av samtlige små og mellomstore systemtjenester.
- Denne org.enheten tar seg av innføring av nye (små og mellomstore) systemtjenester, utfasing / samordning samt tradisjonell forvaltning av eksisterende (tredjelinje support, oppgraderinger, oppfølging mot leverandør, lisenshåndtering m.m.).
- Enheten samarbeider og koordinerer med øvrige dedikerte funksjoner i selskapet som nødvendig for oppfølging av de ulike delene en som en gitt tjeneste består av (fillagring, programvaredistribusjon, databasetjener, m.m.).

5.8.5 Forvaltning og drift av små system

Leverandøren leverer

- Tilrettelegging av programvare til Helse Vest RHF standard plattform
- Distribusjon og tilgangsstyring
 - Inkl. vedlikehold av distribusjonslister
- Tilgangsbehandling
 - Opprette og administrere brukerkontoer for tilgang til system / innlogging.
 - Kreves at dokumentert og etablert konkrete rutiner for. Når akseptert vil dette håndteres så av Leverandøren.
 - Kan kombineres med bruk av superbruker roller lokalt hos kundeforetak.
- Teknisk brukerstøtte og løpende vedlikehold
 - Ikke veiledning i bruk
 - Ikke faglig innholdsforvaltning
- Dokumentasjon med rolleoversikt og avhengighetskart
- Oppfølging mot underleverandør
- Delte filområder i tilknytning til programvare (share)

5.8.6 Forvaltning og drift av mellomstore system

Leverandøren leverer, i tillegg til liste over:

- Drift av server og infrastruktur
- Databasetjenester
- Enkle integrasjoner
 - Kun de enkleste integrasjoner (blir ellers definert som «større system» og innebefattes ikke av dette dokument).
- Driftsmøter / statusmøter (med kunde og ev. underleverandør) ved behov
- Leverandørens forvaltningsressurser har en enkel teknisk dybdekompetanse om systemet og dens bestanddeler

5.8.7 Avgrensinger for små og mellomstore system

Avgrensinger og avklaringer i dette bilag gjelder alle tjenester som defineres som Små eller Mellomstore.

1. Leverandøren sørger for at interne tjenester fungerer og vil prioritere dette om eksternt forvaltede tjenester kommer i konflikt med disse.
2. Leverandøren har samlet forvaltning av små og mellomstore systemer. Dette betyr at det ikke er dedikerte forvaltere satt av for disse men en forvaltningsgruppe.
3. Endringstakt. Leverandøren avgrensner oppgraderinger og større endringer for små og mellomstore systemer.
 - Små: 1 i halvåret.
 - Mellomstore: 1 i året.
 - Leverandøren vil, sammen med Kunde, prioritere innmeldte endringsbehov etter kritikalitet og tilgjengelige ressurser.
4. Faglig forvaltning og innhold.
 - Leverandøren leverer ikke faglig forvaltning, rutiner for bruk av systemtjenester, veiledning i bruk av funksjoner her eller vedlikehold av innholdsdata.
 - Henvendelser på dette vil Leverandøren henvise til foretak v. systemeier / systemansvarlig.
 - Dersom situasjon skulle tilsi behov for bistand av Leverandøren på dette området vil arbeidsoppdrag opprettes (arbeid timeføres).
5. Delvise forvaltningsavtaler. Der hvor foretaket selv eller eksternt tredjepart skal forvalte / drifte deler av løsningen.
 - Leverandøren ønsker i utgangspunktet å forvalte alle deler av en gitt systemtjeneste til foretak. Men ved særegne behov kan annet avtales.
 - Kreves egen avtale satt opp, må ansvarskart og roller defineres.